

SETT FRÅ AKSNESET

Av Torolv Løset

Dette kåseriet vart halde under kulturvandringa ved Aksneset, 1. mai 2011. I tillegg tala Geir Gaarder om det biologiske mangfaldet i marka, Bjørn Gjøvikli tala om festningsverket ved Trongfjorden, og gardeigaren Marit Aksnes Lervik tala om Aksnesgarden. Torolv Løset har stilt kåseriet sitt til disposisjon for lesarane av Hendt og hender.



God dag alle saman!

Eg har lova å fortelje litt om ymse plassar vi ser kring oss når vi står på denne framifrå fine plassen som Aksneset er. Eg har sett Aksnes-fyret stå og blinke dei fleste mørke kveldane i over 80 år, så eg burde da veta noko om området, men det er vanskeleg å veta kva ein skal ta med. Eg vel å starte med litt om fjordane.

Da eg gjekk på folkeskulen og skulle lære lokal geografi, hadde eg ein lærar som var praktisk. For å halde styr på alle desse fjordarmane, skulle vi halde opp vinstre handa med innsida mot oss:

- Arma var **Trongfjorden**
- Tømmeltotten var **Hammesfjorden**
- Peikefingeren var **Surnadalsfjorden**
- Langstonga var **Stangvikfjorden-Todalsfjorden**
- Ringfingeren var **Ålvundfjorden**
- Litlefingeren var **Meisingsetvågen**

NAMNLAUS FJORD

Og så var det ikkje noko namn på sjølve «handbaket», som er den store fjorden rett framom oss. Dette fann eg ut seinare var frykteleg trasig når nokon spurte om kva fjorden utom oss heitte, og den ikkje hadde